



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

## **Referat frå styremøte i Surnadal IL**

Tid: Torsdag 3. mars 2016 kl. 19.00-21.00.

Neste møte: Ikke avtalt.

Stad: Syltøran

Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad  
Einar Bergheim  
Svein Dalen  
Arne Øie  
Øystein Hjelle Bondhus  
Ellbjørg Haugen Larsen

Forfall: Vidar Ulvestad, Stian Faksnes, Erling Fiske.

### **Sakliste:**

#### **Sak 1/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 21. desember**

Referatet er godkjent.

#### **Sak 2/16 Henvending om oppretting av ny gruppe i Surnadal IL - Frisbeegolf**

Saksutgreiinga vart gjennomgått. Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Med bakgrunn i idrettskretsen si oppmading er styret positive.

Arbeidsutvalet lagar, i samarbeid med Øystein, ein pakke med retningslinjer på økonomistyring og rutiner. Dette for at det skal verte enklare for eventuelle nye idrettar å drifte gruppene sine.

#### **Vedtak:**

- 1. Surnadal IL opprettar ny gruppe for Frisbeegolf. Idrettslaget melder seg inn i Norges Amerikanske Idretters Forbund.**
- 2. Arbeidsutvalet jobbar vidare med intern organisering av- og tilrettelegging for Frisbeegolf-gruppa i Surnadal IL.**
- 3. Dagleg leiar tek kontakt med initiativtakar og orienterer om- og drøftar gjensidige krav og forventingar.**

#### **Sak 3/16 Henvending om oppretting av ny gruppe i Surnadal IL - Dykking**

Saksutgreiinga vart gjennomgått. Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Med bakgrunn i idrettskretsen si oppmoding er styret positive.

Også for denne gruppa vil ein pakke med retningslinjer på økonomistyring og rutiner, som nemnd i sak 2/16, vere nyttig.

- Vedtak:**
- 1. Surnadal IL opprettar ny gruppe for Dykking. Idrettslaget melder seg inn i Norges Dykkeforbund.**
  - 2. Arbeidsutvalet jobbar vidare med intern organisering av- og tilrettelegging for Dykkegruppa i Surnadal IL.**
  - 3. Dagleg leiar tek kontakt med initiativtakar og orienterer om- og drøftar gjensidige krav og forventingar.**

**Sak 4/16      Styreinstruks for Surnadal IL**

Styreinstruksen er eit vedlegg til organisasjonsplana, som har vorte gjennomgått i styret tidlegare. Styret hadde ingen nye kommentarar til den nemnde instruksen.

- Vedtak:** **Styreinstruksen for Surnadal IL er samråystes vedteken.**

**Sak 5/16      Instruks for valkomiteen i Surnadal IL**

Instruksen til valkomiteen i Surnadal IL er eit vedlegg til organisasjonsplana, som har vorte gjennomgått i styret tidlegare. Styret hadde ingen nye kommentarar til den nemnde instruksen.

- Vedtak:** **Instruks for valkomiteen i Surnadal IL er samråystes vedteken.**

**Sak 6/16      Førebuing årsmøte 17.3.**

- Innstilling sakliste

- Vedtak:** **Saklista er godkjent.**

- Innstilling årsmelding

Styret ønskjer at vi på årsmøtet legg fram ein felles presentasjon med høgdepunkt i stikkordsform frå dei ulike årsmeldingane. Lengde og form på årsmeldingane vart diskutert. Årsmelding frå Bueskyting må innhentast.

- Vedtak:** **Årsmeldingane er godkjent med dei merknadene som kom frå styret.**



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

## - Innstilling rekneskap 2015

Hovudtala vart framlagde, fullstendig rekneskap vert sendt ut på e-post så fort det ligg føre.

## - Innstilling budsjett 2016

Budsjett vert sendt ut på e-post så fort det ligg føre.

## - Innstilling lovverk

Dagleg leiar sender desse til idrettskretsen for godkjenning.

**Vedtak:** **Styret innstiller dei framlagte lovene til årsmøtet.**

## - Innstilling organisasjonsplan

Merknader:

Punkt 0: Setningen flyttes sist i punkt 1.

Punkt 2: «Kontrollkomité» erstattes med «To revisorer».

Punkt 3: Det skal stå «de fire største gruppene» i stedet for «de fem største gruppene». Gruppene innenfor «allidrett» samarbeider om et styremedlem.

Punkt 6: Rette opp telefonnummer på Ellbjørg Haugen Larsen og Linda Aasbø Kvande, rette opp e-postadresse på Arne Øie.

Side 10: Stryk «, og dermed for alle gruppene» under punktet Dagleg leiar.

Side 13: Stryk punkt 8, styreleiar har ikkje observatørrett i Surnadal Alpineiendum. Stryk kulepunkt om SAE og siste tekstrulinje i kapittel 8.

Side 13: Endre namn frå Servicebygg til Hovudbygning.

**Vedtak:** **Organisasjonsplana vert godkjent, og lagt fram på årsmøtet, med merknadane frå styret.**

## - Innstilling medlemskontingent

Saksutgreiinga vart gjennomgått.

**Vedtak:** **Medlemskontingentsatsane står på same nivå som i 2015:**

**Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-**

**Barn/ungdom (t.o.m. 19 år) – kr. 150,-**

**Honnør (f.o.m. 67 år) – kr. 150,-**

**Familiemedlemskap – kr. 500,-**



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

## - Innstilling innkomne saker

Ingen innkomne saker til no. Eventuelle saker som kjem innan fristen vert sendt ut til styret på e-post for innstilling.

## - Innstilling valkomité

Eitt nytt medlem trengs. Dette er det styret sin jobb å foreslå.

Styreleiar tek kontakt med dei kandidatane som vart nemnd på møtet.

## **Sak 7/16      Orienteringssaker**

### - Søknad NIFs Flyktningfond – ([Trykk her for å lese om ordninga](#))

Det vart orientert om ordninga. Idrettslaget sender inn søknad om kr. 25.000,-, som er maksbeløpet. Dei gruppene som meiner dei har grunnlag til å søkje om midlar tek kontakt med dagleg leiar.

### - Idrettens Festkveld 7.4.

Styret oppmodar gruppeleiarane til be styra sine komme med forslag til aktuelle kandidatar til prisane som skal delast ut. I tillegg bør dei oppmøde sine utøvarar og frivillige om å komme på sjølv festen.

### - TINE Idrettslagsavtale

Ein slik avtale med TINE kan vere ein flott måte å fylle kiosken med sunnare alternativ. Vi opprettar kundenummer, så kan dei gruppene som ønskjer bruke det.

Når det gjeld sunnare alternativ i kiosk kan og sal av nøtter vere eit alternativ å sjå på.

## **Sak 8/16      Open post**

### Oppvaskmaskin

Det er ønskje om ny oppvaskmaskin i Surnadal Idrettshall, og etter dialog med Surnadal kommune er det bestemt at denne skal skaffast av idrettslaget.

**Vedtak:** **Styreleiar og dagleg leiar får mandat til å ta ei avgjerd når det gjeld fordeling av kostnader rundt innkjøp av ny oppvaskmaskin.**

### Fotballhall



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Det vart informert kort om at fotballgruppa jobbar med å bygge fotballhall på Syltøran. Her er det viktig at Svein vert kobla inn på eit tidleg tidspunkt. Fotballgruppa kjem tilbake med orientering på neste hovudstyremøte.